



Gorm og Ask Aamodt Holø saman med bestemor (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Bente Jorunn Lærum Aamodt (50) har vore Arbeidarpartiet sin ordførarkanidat i Ottadalsbygda Skjåk to gonger utan å lukkast. Men iseptember satsar ho for tredje gongen og seier til uskedalen.no at ho er meir motivert enn nokon gong før.

Som ho plar gjera ladar ho batteria på hytta Elvestø på Ytre Eik, der blomeprakten er fantastisk og Tveitabekken klukkar forbi. Mannen Terje snikrar og to gitar som ho er bestemora til gler seg til neste fisketur. Natta til i dag gav storfangst, bortimot 50 kilo sei, lyr, kvitting og lange, men vi spør heller om røystefangsten som ho ser fram til. Dei organisatoriske førebuingane har i alle fall vore svært grundige, forsikrar ho og viser til at partiet har klart å halda på eit dubla medlemstal på over 100 og fått ein landsdekkjande pris for det.

Valresultatet for 4 år sidan var imponerande for partiet til Bente Jorunn, men likevel ikkje imponerande nok. Ein auke frå 25 til 40 prosent gav 8 av 21 i kommunestyret, men Bygdalista som kom på vippen med 3 gav ordførarstolen til Senterpartiets Rolv Kristen Øygard. Bente Jorunn er ikkje bitter og minnar om at Senterpartiet mista det reine fleirtalet dei har hatt i alle periodar med unnatak av 2.

Bente Jorunn reknar ikkje med å få støtte frå vippelista denne gongen heller, ettersom lista har fungert som ein forlenga arm av Sp. Men ho meiner å ha gode kort på handa og kan kapra 3 mandatar til. Mellom anna anklagar ho fleirtalspartia for å ha fått til lite, ikkje minst i samarbeid med nabokommunen Lom. Felles formannskapsmøte og samarbeidsutval vart ingen suksess.

Bente Jorunn føler seg sterkt knytt til Uskedalen der ho er født og har vakse opp og kan følge røtene heilt attende til tippoldemor Torbjørg Eik. Ho følger tett med i nettavisa og ferierar alltid her i bygda. No håpar ho på at Uskedalen snart får att velkomst-skilta sine ved fylkesvegen og at det blir plass til eit data-tilbod i tilbygget til SPAR.

Klimaskilnaden er forresten kanskje ikkje lenger så stor heller mellom Uskedalen og den tradisjonelt turre Ottadalen. I Skjåk kjem det som oftast berre rundt 300 millimeter nedbør på eit heilt år, men no kom det omtrent 60 millimeter berre i juni!

Av Ola Matti Mathisen



Gorm med fangsten frå eitt garn (Foto: Bestemor)